



12 nyutlærde tapaskokkar.

I slutten av november annonserte Elin`s Matgleder på facebook at ho skulle ha kurs i kakepynting og lagning av tapas etter nyttår. Respsen var enorm, særleg på tapaskurset. Det var fullteikna alt første dag, og Elin måtte lova å ha eitt kurs til.

Første kurset vart avvikla fredag, og Elin fortel om 12 svært positive og engasjerte deltakarar.

- Dei var svært ivrige og lærevillige, fortel ho, og ho kan fortelja om svært god stemning den første kurskvelden.

Det vart laga mange gode tapasrettar, og som avslutning på kurskvelden hadde deltakarane ei feststund der dei nytte alt det gode. Deltakarane kom frå heile Kvinnherad, og Elin har også hatt respons utanfor kommunen.

Deltakarane på kurset var og svært så begeistra for denne kulinariske kursopplevinga. På facebook-sida til Elin`s Matgleder uttrykkjer mange av kursdeltakarane rosande ord både om kursinnhaldet og den godt førebudde og dugande kursverten.

Neste tapaskurs er om 2 veker. Det er også fullteikna, og framleis er folk på venteliste. Dermed må Elin finna dato til eit 3. tapaskurs.

I dag er det kakene som er i fokus hos Elin`s Matgleder. Det er nemleg kurs i kakepynting. Der er rett nok nokre få ledige plasser.

Nederst fristar vi lesarane med nokre bilete frå kurset på fredag. Eg reknar med mange får 'vatn i munnen' når dei ser dei!







Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Elin`s Matgleder.